



NU-kontakt

Meldingsblad for Noregs Ungdomslag, nr 3/2006

Denne sendinga inneheld:

Informasjonsfaldarar om

- Fagseminara
- Festivalane og Noregs Ungdomsring
- Leik og Læring 2007

Kurshelg i Oslo

Dato: 09. - 11. februar
Stad: Nordahl Bruuns gt. 22 i Oslo. (BLS i Oslo sine lokaler)

Aspirantkurs, Leik og Læring

Lærarar: Torill Schinstad og Marianne Dahl
Dette er kurset for deg som vil bli barne- og ungdomsinstruktør.
Les meir om kursmodellen i brosjyren som ligg ved.

Kurs i teaterinstruksjon

Lærar: ikkje klart enda, men følg med på heimesida.
Dette kurset er for deg som ønskjer:
- ei oppskriftsbok på teaterinstruksjon
- ei verktøykasse med nyttige øvingar, tips, metodar og kjelder.
- å oppdage seg sjølv som teaterinstruktør
Kurset er første del av Noregs Ungdomslag sin nye instruktørmodell i teater.

Påmelding innan 26. januar:

Sjå www.ungdomslag.no for elektronisk påmeldingsskjema eller ring til NU-kontoret (tlf.: 24 14 11 10).

Sans for dans, samling

Dei åtte ungdomane i talentutviklingsprosjektet Sans for dans skal ha si andre samling i Oslo same helga.

Kven veit? og Junior Kven veit? 2007

Har de gløymt å melde dykk på kunnskapstevlinga vår?
Ta kontakt med Ida Marie Holmin på NU-kontoret på telefon 24 14 11 13 eller send påmelding til ida@ungdomslag.no.
Vi ynskjer oss fleire deltakarar både blant juniorane og seniorane. Sjå meir informasjon om Kven veit? på www.ungdomslag.no

Tema for tevlinga denne gongen er mat. Det er laga eit studiehefte om temaet. Juniordeltakarane får tre nummer av Norsk Barneblad i tillegg.

Tevlingsveke er i veke 5, 9 og 13.

Sommarkursa til Vestlandet!

6. til 12. august blir det Sommarkurs i NU på Nordhordland Folkehøgskule. Skulen ligg idyllisk til like ved sjøen og berre ca to mil frå Bergen. Med buss frå Bergen kvar halvtime håper vi det blir trengsel både på kursa, i badebassenget og på dei nyoppussa romma på skulen!

Kurstilbod:

Instruktørkurs, Folkedans
Instruktørkurs, Leik og Læring
Instruktørkurs, Teater
Fordjupingskurs, folkedans
Spelkurs

Frist for påmelding blir 1. juni

Følg med i Ungdom og på heimesida for meir informasjon.

Norsk Amatørteaterfestival

For tredje gong inviterer Noregs Ungdomslag og Det Norske Teatret til amatørteaterfestival med framsyningar, kurs og seminar!

Festivalen går føre seg frå 18. til 24. juni 2007, med hovudtyngda av programmet i helga. Det betyr at amatørteaterfestivalen får selskap av Folkekulturfestivalen som startar fredag 22. juni med ei felles opning på Det Norske Teatret.

Folkekulturfestivalen

Folkekulturfestivalen er 22. til 24. juni 2007 i Oslo og startar med ei storstilt opning på Det Norske Teatret. Tema for festivalen er "samdans" og dette vil setje sitt preg på programmet på mange ulike måtar. Her blir det samdans mellom nasjonalitetar, interesser, kulturar, generasjonar, tradisjonar og mellom profesjonell og amatør.

Årsmøte i Noregs Ungdomslag

Søndag den 24. og måndag 25. juni, rett i etterkant av festivalane, blir det skipa til årsmøte. Styret ynskjer å mobilisere til beste årsmøtedeltaking dette tiåret, og legg no planar for form og innhald på møtet som freistar unge og ikkje fullt så unge NU-medlemmar til aktiv debatt, medverknad og kulturelt samvere. På kvelden blir det årsmøtefest med middag og dans.

Les meir om neste års høgdepunkt i eigen faldar.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Monologkonkurranse

Laurdag 23. juni skipar vi til monologkonkurranse på Det Norske Teatret i samband med Norsk Amatørteaterfestival 2007.

Dette blir eit nytt tilbod til publikum og ein ny måte for teaterfolk å vere med på Norsk Amatørteaterfestival. Juryen vil bli sett saman av personar frå teatergruppene som skal spele på festivalen og ein skodespelar frå Det Norske Teatret.

Vi kårar ein vinnar. Premien er ein time med skodespelaren i juryen for å finpusse på monologen. Så skal monologen framførast som kulturelt innslag under årsmøtet vårt som er 24. og 25. juni.

Søknadsfrist for å få delta i monologkonkurransen er 1. mars 2007. Teaterrådet i Noregs Ungdomslag plukkar ut inntil 20 deltakarar på bakgrunn av innsendt video og tekst, geografi, kjønn, alder og variasjon i stoffet. Maks lengde på monologen er 2 minutt.

Spørsmål kan rettast til Ida Marie Holmin 24 14 11 13

Momskompensasjon

Lag som har hatt utgifter til moms på tenester i 2005 kan også i år få refundert desse gjennom Noregs Ungdomslag sentralt. Send oss ei oversikt over momskostnadene med kopi av kvitteringar/rekningar. Når de gjeld portokostnader er det nok at de sender utskrift/oversikt av rekneskap for 2005 som viser kor store portoutgifter de har hatt og kor mykje av dette som er moms.

De kan ikkje få kompensasjon for moms på varer de har kjøpt. Vi gjer òg merksam på at de skal sende inn oversikt over utgifter i 2005, ikkje i 2006.

Skal de kome med i fordelinga, må vi ha oversiktene frå dykk innan 1. februar.

Ta gjerne kontakt med marit@ungdomslag.no eller kontoret på telefon om de treng meir informasjon om ordninga.

Aktivitetsskalender

19.-21.01	Revyseseminar Åsgård, Nordmøre
21.-22.01	Teatersportkurs arr. Vestfold teaterråd
26.-28.01	Storkurs Telemark
26.-28.01	Storkurs Hordaland
26.-28.01	Storkurs Troms
09.-11.02	Kurshelg i Oslo
02.-04.02	Helgeseminar m/Per Oddvar Hildre, Oslo
10.02	Barneleikfest Kongsberg
27.-29.04	Fagseminara, Sørmarka
18.-27.06	Norsk Amatørteaterfestival, Folkekulturfestivalen, årsmøte og Noregs Ungdomsring i Oslo
06.-12.08	Sommarkursa i NU, Nordhordland Folkehøgskule

Send inn tips til informasjon@ungdomslag.no

Noregs Ungdomsring (NUR)

Hovudsamlinga i Noregs Ungdomsring blir 25. til 27. juni – dagane mellom Folkekulturfestivalen/Norsk Amatørteaterfestival og Landskappleiken.

Tema for hovudkurset blir "samdans" og Vegar Vårdal vil saman med fleire andre lærarar og spelmenn setje fokus på dette.

Les meir om neste års høgdepunkt i eigen faldar.

Medlemsliste og årsrapportskjema for 2006

Medlemslister og årsrapportskjema for 2006 blir sendt til laga første veka i januar 2007. Dette for at laga skal få betre tid på seg for å ajourføre medlemslistene for 2006.

Dei laga som ikkje har ordna seg med tilgong til medlemsdatabasen (Webmedlem), kan ta kontakt med Alf Steinar på NU-kontoret for å få passord.

Frist for innsending blir 15. februar 2007.

Frifond

Søknadskjema kjem i neste lagssending. Følg med på heimesida for informasjon om søknadsfrist og elektronisk søknadsskjema.

Skattefrådrag for gåver

Har laget motteke pengegåve frå privatpersonar, må dette rapporterast til skattemyndigheitane slik at dei får skattefrådrag.

Det er Noregs Ungdomslag som innrapporterar dette for lokal- og fylkeslag. Vi må ha melding om slike gåver innan 31. desember 2006. For meir informasjon, kontakt marit@ungdomslag.no

Instruktørbase teater

Nå har også teater fått instruktørbase på heimesida. Gå inn på www.ungdomslag.no/teater for å registrere deg som instruktør. Gjennom å vere registrert kan du få oppdrag, informasjon og vere ein del av eit større nettverk.

God Jul og Godt Nytt år!

Styret og tilsette i Noregs Ungdomslag takkar alle ungdomslagsfolk for året som har vore, og ønskjer alle ei God Jul og eit Godt Nytt År.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550